

REFERAT

MØTE: ORGANISASJONSUTVALET

Møteleiar: Jørgen Amdam	Referent: Joakim Rødven
-------------------------	-------------------------

Dato 07.12.17	Møtetid frå – til 13:00-14:30	Stad: Møterom Austefjorden – Volda rådhus
---------------	----------------------------------	---

Tilstade: <u>Medlemmar Hornindal:</u> Eldar Englund, Stig Olav Lødemel, Per Maurset <u>Medlemmar Volda:</u> Jørgen Amdam (leiar), Rebecca Riise Bjerknes, Arild Iversen	Forfall:
Også til stade: Joakim Rødven, kommunikasjonsrådgjevar	

Sak
Vidare arbeid med forslaget til reglement KS, FSK og tenesteutval for nye Volda kommune
<p>1. <i>Utvalsleiar Jørgen Amdam opna møtet ved å orientere om det nyaste utkastet til reglement, der dei to kommunane sine reglement har blitt samanlikna. Eitt punkt som er meir prinsipielt ulikt enn dei andre i dei to reglementa er at rådmannen i Hornindal har forslagsrett i formannskapet. Dette er ikkje tilfelle i Volda per i dag. Rebecca Bjerknes stiller spørsmål om dette vil gjere det vanskelegare å skilje mellom administrasjon og politikar. Eldar Englund legg til at eit slikt skilje skal vere klart. Utvalet stiller seg bak møteleiarens forslag om at denne retten ikkje skal vidareførast i Nye Voldas reglement.</i></p> <p><i>Amdam gjekk så detaljert gjennom punkta i det føreslegne reglementet for Volda kommune, der medlemmene fekk høve til å kome med sine synspunkt. I reglementet for kommunestyret hadde utvalet ingen innspel til endring.</i></p> <p><i>Vidare gjekk Amdam inn på reglar for forretningsordenen m.m. i kommunestyret. Der hadde utvalet følgjande innspel:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><i>Punkt 7.2: Stig Olav Lødemel med innspel om replikkar skal avsluttast med eit spørsmål, jamfør retningslinjer på Stortinget. Utvalet er samde om at ordlyden i det føreslegne reglementet skal endrast til at ein replikk skal formulerast som eit <u>tilsvar/spørsmål</u>.</i> <p><i>Elles ingen andre innspel til endringar i reglementforslaget som ligg føre.</i></p> <p><i>Utvalet gjekk deretter vidare til å sjå på reglementforslag for formannskapet. Der hadde medlemmene følgjande innspel:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><i>Punkt 2: Amdam føreslår å fjerne setninga «Formannskapet sine budsjettforslag til kommunestyret skal presenterast pr rammeområde, jfr. K-sak 77/05 frå møte 25.08.05». Utvalet slutta seg til dette innspelet.</i><i>Punkt 2: Diskusjonar rundt formannskapets ansvarsområde førte fram til at det vart det føreslått å stryke setninga «herunder fondsstyre Næringsfondet» i det 10'ande kulepunktet i første avsnitt.</i><i>Punkt 3: Det vart reist spørsmål om det skal festast i reglementet at også formannskapet skal strømmast via nettet, men det var litt usemje om dette skal bindast i eit reglementet. Utvalet valde å la dette spørsmålet liggje enn så lenge.</i>

REFERAT

	<p>Elles ingen forslag til endring i det føreslegne reglementet.</p> <p>Utvalet gjekk så vidare til forslag om reglement for tenesteutvala. Der hadde utvalet følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none">• Punkt 2: Arild Iversen med innspel om å endre ordlyden i setning til: «Høve til å omdisponere årsbudsjettet innanfor styret sine ansvarsområde...» under tredje siste kulepunkt.• Punkt 2: Møteleiar Amdam føreslo også å auke ramma for alle tenesteutvala frå kr. 100.000 til kr. 250.000,- <p>Elles ingen innspel til endring.</p> <p>Møteleiar Amdam skal ta kommentarar og innspel vidare og lage eit nytt utkast.</p>
2.	<p>Vidare arbeid med retningsliner for grendeutval.</p> <p>Møteleiar Amdam la fram forslag til retningsliner for grendeutval, med dei endringane som vart gjort i sist møte datert 16.11.17. Amdam bad om innspel til utkastet for eventuell revidering. Utvalet hadde ingen kommentarar. Med dette føreslo Amdam at denne versjonen vert det endelege forslaget som blir lagt ut på høyring.</p> <p>Utvalet drøfta korleis dette skal takast vidare. Ein aktuell framgangsmåte som vart drøfta var at Organisasjonsutvalet sender over ei sak til Fellesnemnda, der nemnda gir organisasjonsutvalet løyve til å sende retningslinene ut på høyring – før det vert gjort eit endeleg vedtak i Fellesnemnda.</p>

Neste møte: 1. februar 2018. Tidspunkt vert bestemt ved eit seinare høve.